



Tingvoll, 25.8.2023

NVE
uttalelse@nve.no

(merk e-post med «Høyringsuttale» og saksnummer 202205293)

FRÅSEGN –
SØKNAD OM LØYVE TIL Å BYGGE STAVÅNA MINIKRAFTVERK I FJORD KOMMUNE

Dykkar ref. 202205293.

Mykje kan tyde på at samfunnet vil leite opp alt som er av vassdropar som det kan lagast straum av framover. Då er det viktig at ein har litt is i magen slik at ein om nokre år framleis kan sjå at ein har att vassdrag som ikkje er lagt i røyr. Det gjeld både vassdrag med unik natur og dei som kan vere meir ordinære.

Verna vassdrag

Stavåna er ein del av Stordalsvassdraget som er eit varig verna vassdrag. Naturvernforbundet meiner at det no er viktigare enn nokon gong at ein lar verna vassdrag vere verna mot utbygging av vasskraftverk og andre inngrep. Dei verna vassdraga skal representere breidda av vassdraga våre, og då er vassdrag utan mange raudlisteartar og spesiell natur også verneverdig.

Slukeevna er av søkjar rekna som lita. I eit varig verna vassdrag er slukeevna likevel å rekne som stor.

Sumverknad

Det er ved siste kartlegginga påvist 4 raudlista naturtypelokalitetar. Dette er naturtypar som ofte er aktuelle i småkraftverksaker. Vi har truleg ikkje sett den fulle verknaden på desse naturtypane av den store utbyggingsverksemda som har vore etter 2000. Sjølv mindre innverknad, som «noko forringa» kan difor vere ganske alvorleg når det går att i mange av sakene.

Den dagen ein har bygd ut det nest siste vassdraget med ordinær natur, vil ein oppdage at også såkalla triviell natur kan bli ein del av raudlista.

I figur 1.6.2 i søknaden får vi eit oversyn over utbygde vassdrag i området. Det vi ikkje ser noko til er eit oversyn over alle vassdraga i området, og kva det er igjen som ikkje er omsøkt/utbygd. Det tyder at det er umogleg å vurdere sumverknader av søknaden. Er Stavåna eit av hundre vassdrag som har omtrent dei same eigenskapane, eller er Stavåna det siste?

Vi vil vise til naturmangfaldlova:

§ 10.(økosystemtilnærming og samlet belastning)

En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.

Figur 3.20.1 reparerer ikkje noko på dette.

Holtan, pkt 5.2 nemner at bekkekløft/elvejuv er nokså sjeldne i midtre og ytre strøk av Sunnmøre.

Høitomt, pkt. 5.4: «*Selv om det trolig finnes andre bekkekløftlokaliteter med høyere verdi også på sur berggrunn i regionen, framstår Stavåna som en velutviklet skogsbekkekløft med regional verdi.*»

Økonomisk verknad av tiltaket

I søknaden pkt. 1.2 blir det påstått at «*Området har fleire områder med prioriterte naturtyper som er avhengig av årlege tiltak (gamal slåttemark) og som dermed har nytte av stabil busetnad i området.*»

Vi har ikkje sett undersøkingar som dokumenterer dette. Utan dokumentasjon kan ikkje denne påstanden tilleggast vekt, med mindre det blir tatt inn i konsesjonsvilkåra. Viss ein tener pengar like godt om ein ligg på sofaen, så er det ikkje nokon garanti det vi kjenner til for at kulturlandskapet blir stelt som følge av kraftinntekter.

Oppsummering

Stavåna er ein del av eit varig verna vassdrag som må vernast framleis mot kraftutbygging og anna utbygging. I søknaden er det ikkje dokumentasjon for verknader som skal vurderast etter naturmangfaldlova § 10, noko som gjer det umogleg å gje løyve, uavhengig av korleis ein ser på verknaden av varig vern.

Med helsing

Øystein Folden
Fylkessekretær